



PLAN 3. TRINN veke 6



TIMEPLAN:					
Kl.	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15 - 9.45		Symjing 3A			
9.45 - 10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt		Friminutt
10.00 - 11.00		Symjing 3B		Kroppsøving 3C	
11.00 - 11.15	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
11.15 - 11.45	friminutt	friminutt	friminutt	friminutt	friminutt
11.45 - 12.45	Kroppsøving 3B		Musikk	Kroppsøving 3D	
12.45 - 12.55	Friminutt	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt 12.45
12.55 - 13.55	Kroppsøving 3A				

LEKSER:	
Til tysdag:	<p>Leselekkse: Les leseleksa som ligg i Showbie under Leselekkse 3. trinn . Les høgt for ein vaksen. Gjer spørsmåla på sidene munnleg, men du treng ikkje skriva noko.</p> <p>Matematikk: Pugg 3 gongen, så godt som du kan. Den ligg i Showbie under vekeplan. Få hjelp av ein vaksen til å øva. På fredag skal me ha gongeprøve, så øv godt heile veka.</p> <p>Engelsk: Pugg glosene, så godt du kan.</p> <p>A carpet- eit teppe A lamp- ei lampe A bookshelf- ei bokhylle</p>
Til onsdag:	<p>Leselekkse: Les leseleksa som ligg i Showbie under Leselekkse 3. trinn . Les høgt for ein vaksen. Gjer spørsmåla på sidene munnleg, men du treng ikkje skriva noko.</p> <p>Matematikk: Pugg 3 gongen, så godt som du kan.</p> <p>Engelsk: Øv så godt du kan på glosene.</p> <p>LES INFO NEDANFOR: Hugs elevane kjem heim 10 min seinare i morgon.</p>
Til torsdag:	<p>Lese-/skrivelekkse: Gjer arket som ligg i svart diktatmappe. Les all tekst først og svar på spørsmåla med heile setningar. Spørsmåla finn du bak på sida. Få ein vaksen til å sitja med deg, eller til å sjekka etterpå. Den vaksne signerer nedst på arket.</p> <p>Matematikk: Pugg 3 gongen, så godt som du kan.</p> <p>Engelsk: Øv så godt du kan på glosene.</p>
Til fredag:	<p>Leselekkse: Les leseleksa som ligg i Showbie under Leselekkse 3. trinn . Les høgt for ein vaksen. Gjer spørsmåla på sidene munnleg, men du treng ikkje skriva noko.</p> <p>Matematikk: Pugg 3 gongen, så godt som du kan. I morgon blir det gongetest!</p> <p>Engelsk: Øv så godt du kan på glosene, i morgon blir det gloseprøve.</p>

Melding til elev og heim:

Samtalegrupper med helsesjukepleiar. Minner om å returnere spørjeskjema frå helsesøster. Denne veka startar helsesjukepleiaren opp med samtalar.

Foreldremøte: Det blir foreldremøte for føresette den 17. februar klokka 17.00-18.30. Møtet blir i aulaen. Me har fått gode innspel frå foreldrekontaktane med påstandar som me vil diskutera.

Norli besøk: Torsdag 6. Februar er me inviterte ned til Norli på M44. Me skal få premie etter å ha deltatt i Norli lesekonkurranse før jul, og få møta ein forfatter. Me skal vera på Norli klokka 11.45 og er der til 12.30. Derfor blir nok elevane 10 minutt forsinka heim denne dagen.

Symjetest: Me startar opp med symjetestar. Ikkje alle får gjennomført testen med ein gong. Etter dei har fullført testen kan dei få nytta heile bassenget i symjetimane. Dei skal starta med knestup eller å hoppa ut i vatnet. Kunna symja 12,5 meter, snu utan å vera i golvet, flyta på rygg i 30 sekund, for å så symja tilbake til start.


Me har ei lita oppfordring til dei heimane som har ungar som synes det er skummelt/vanskeleg i bassenget: **ta ein tur på fritida og øv! Både kos dykk i lag i vatnet, og øv litt til symjetesten**☺

Strikking: Elevane på 3.trinn skal lære å strikke. Med to lærarar og 20 nybegynnarar, er det svært vanskeleg å gje den hjelpa som trengs. Frå tidlegare av har me fått hjelp av foreldre eller besteforeldre til dette. Det har våre til stor hjelp. Me er svært takknemlege om nokon har moglegheit til å hjelpe til? Tidspunkt for strikkeopplæring er:

3A og 3B: 11.2. Kl.8.30 - 9.45

3C og 3D: 18.2. Kl 8.30 - 9.45

Dersom de eller besteforeldre kan hjelpa, ta kontakt med kontaktlærar.



Med vennleg helsing dei vaksne på 3.trinn

